2024

# HEMSING FESTIVALEN

***Intime møte med stor musikk***

*Intimate encounters with great music*



8.–11. februar 2024
Aurdal i Valdres

# VELKOMEN TIL HEMSINGFESTIVALEN 2024

Det er ei stor glede for oss å ynskje velkomen til nok ein vinterfestival i veke 6, torsdag 8. til sundag 11. februar 2024. Me får besøk av store internasjonale musikarstjerner i den vesle fjellbygda vår, Aurdal, med rundt 700 innbyggjarar. Me gler oss til å presentere kammermusikk i eit spennande og variert program med fantastiske musikarar som vil skape *intime møte med stor musikk*! Den magiske stemninga i tette møte mellom publikum og oss musikarane gir unike musikkopplevingar med mange høgdepunkt og stor musikkglede. Me gler oss!

Festivalprogrammet for 2024 inneheld 18 ulike konsertopplevingar på fire dagar med 30 musikarar på topp internasjonalt nivå i solo og samspel. Det blir også eit gledeleg gjensyn med fleire av artistane frå tidlegare år, som Håvard Gimse, Benedict Klöckner og Mario Häring. Nye spennande musikarar er den norske sopranen Ingeborg Gillebo og skotske Maxwell Quartet med sekkepipespelaren Brighde Chaimbeul. Dei kjem til å opptre på fleire av konsertane. Sjå gjerne heimesida vår for heile artistlista.

Nytt av året er at me skal ha vinsmaking ved Ingvild Tennfjord kombinert med musikk av Hemsingfestivalens artistar på Danebu Kongsgaard fredagskvelden. Parallelt denne kvelden er det hyggjekveld i Frikar-Smia med den årlege uformelle Konsertkvissen.

Ragnhild Hemsing og Hallgrim Hansegård opnar heimen sin i Aurdal og den nyrestaurerte Ballsalen i Sorenskrivargarden frå 1800-talet laurdag. Her blir det både konsert og foredrag.

Laurdag kveld blir det igjen *Draumekonsert* i Frikar-Smia og sal av mat og drikke, og me oppmodar publikum til å sende inn musikkynske i forkant.

Fredag ettermiddag kan danseglade vere med på eit ope kurs i tradisjonsdansen springar. Hallgrim Hansegård frå FRIKAR instruerer.

I tillegg til kveldskonsertane i Aurdal kirke og Frikar-Smia kan besøkjande også hyggje seg med *Smak med tonar* på Nythun, foredrag og *Musikkaperitiff* på Frydenlund skysstasjon, konsertlunsj *Rakfisk Forte Fortissimo* på Noraker gård og matinékonserten *Musikksporet* i Aurdal fjellkirke. Det blir guida skitur på Aurdalsåsen og tur frå Nythun til Aurdalsåsen, der publikum kan få oppleve dei fine skiløypene i området.

Me gler oss til de får oppleve dei unge talenta som deltek i FRAMR, som er festivalens eige talentprogram, og det einaste og fyrste i sitt slag for talent innanfor både klassisk musikk og folkemusikk. Programmet er eit nasjonalt tilbod der alle kan melde seg på ved ein open audition-runde. De vil få høyre fleire av talenta opptre




på festivalen i ulike samansetningar.
Hemsingfestivalen er eit unikt høve til å få oppleve klassisk musikk og folkemusikk kombinert med friluftsliv i vakre omgivnader og med utsikt til snøkledde valdresfjell.

Me ynskjer dykk fine opplevingar og magiske augneblikk.
Velkomen til innhaldsrike festivaldagar!

Venleg helsing festivalens kunstnarlege leiarar,
Ragnhild Hemsing og Eldbjørg Hemsing

Ragnhild Hemsing Eldbjørg Hemsing

*kunstnarlege leiarar*

# *WELCOME TO THE HEMSING FESTIVAL AND A NEW WINTER ADVENTURE IN VALDRES!*

*It is a great pleasure for us to welcome you to another winter festival in week 6, Thursday 8 to Sunday 11 February 2024. We will be visited by major international musical stars in our tiny mountain village, Aurdal, with around 700 inhabitants. We are pleased to present chamber music in an exciting and varied program with wonderful musicians who will create an intimate encounter with great music! The magical atmosphere in the close encounter between the audience and us musicians provides unique musical experiences with many highlights and great musical enjoyment. We are looking forward to it!*

*The festival program for 2024 contains 18 different concert experiences over four days with over 30 musicians at top international level in solo and ensemble performances. There will also be a joyful reunion with several of the artists from previous years, such as Håvard Gimse, Benedict Klöckner and Mario Häring. New exciting musicians are the Norwegian soprano Ingeborg Gillebo and the Scottish Maxwell Quartet with bagpipe player Brighde Chaimbeul. They will perform at several of the concerts. Please see our homepage for the entire artist list.*

*New this year is that we will have wine tasting at Ingvild Tennfjord combined with music by the Hemsingfestival's artists at Danebu Kongsgaard on Friday evening. Parallel to this evening, there is a cozy evening in Frikar-Smia with the annual informal Concert Quiz.*

*Ragnhild Hemsing and Hallgrim Hansegård open their home in Aurdal and the newly restored Ballroom in Sorenskrivargarden from the 19th century on Saturday. There will be both a concert and a lecture here.*

*On Saturday evening, there will again be a Dream Concert in Frikar-Smia and a hall of food and drink, and I encourage the audience to send in their love of music in advance.*

*For those who enjoy dancing, there will be an open course for everyone in the traditional dance* springar *with Hallgrim Hansegård from FRIKAR on Friday afternoon.*

*In addition to the evening concerts in Aurdal church and Frikar-Smia, visitors can also enjoy Smak med tonar at Nythun, lectures and music aperitif at Frydenlund shuttle station, concert lunch Rakfisk Forte Fortissimo at Noraker gard and the matinee concert Musikksporet in Aurdal mountain church with guided skiing tour on Aurdalsåsen and trip from Nythun to Aurdalsåsen, where the audience can experience the fine ski slopes in the area.*

*We can't wait for you to experience the young talents who took part in FRAMR, which is the festival's own talent programme, and the only and first of its kind for talents within both classical music and folk music. The program is a national offer where anyone can sign up*



*at an open audition round. You will hear several of the talents perform at the festival in various compositions. The Hemsing Festival is a unique opportunity to experience classical and folk music combined with outdoor life in beautiful surroundings and with a view of the snow-clad Valdresfjell.*

*We wish you wonderful experiences and magical moments. Welcome to eventful festival days!*

*Greetings from the festival's artistic directors,*

Eldbjørg Hemsing and Ragnhild Hemsing
*Artistic leaders*



*Artistic leaders*

# PROGRAMOVERSIKT | *PROGRAM OVERVIEW*

## 8. februar

**09:30 Musikkhage, barnekonsert**
Frikar-Smia, Aurdal.

**13:00 Meistermøte klassisk og folkemusikk**
Speilsalen, Frikar-Smia, Aurdal

**16:00 Musikkaperitiff**
Frydenlund Skysstasjon, Aurdal

**18:00 Festopning**
Aurdal kirke, Aurdal

## 9. februar

**09:00 Morgonstemning, frukostkonsert**
Nythun

**11:00 Meistermøte klassisk**
Speilsalen, Frikar-Smia, Aurdal

**13:00 Rakfisk, Forte, Fortissimo**
Noraker Gård, Aurdal

**15:00 Meistermøte folkemusikk**
Speilsalen, Frikar-Smia, Aurdal

**16:30 Kurs i valdresspringar**
Frikar-Smia, Aurdal

**18:00 Kammerkonsert**
Aurdal kirke, Aurdal

**19:00 Sal av mat og drikke i Frikar-Smia**
før Konsertkviss kl. 20.00

**20:00 Konsertkviss**
Frikar-Smia, Aurdal

**20:00 Vinsmaking og konsert**
Danebu Kongsgaard

## 10. februar

**10:00 Guida skitur (ca 13 km)**
frå Nythun til Aurdal Fjellkirke

**10:00 Guida skitur (ca 4 km)**
på Aurdalsåsen

**11:00 Konsertforedrag**
Ballsalen i Sorenskrivargarden

**12:00 Konsert i Øvre Brekkebakkadn**
Kvismo, Vang i Valdres

**12:00-15:00 Hemsingfestivalen Familie:**
***Eventyrdag*** ved Frikar-Smia
12:00: Konsert
13:00-15.00: Uteaktivitetar

**13:00 Musikksporet, matinékonsert**
Aurdal Fjellkirke, Aurdalsåsen

**14:00 Konsert i Øvre Brekkebakkadn**
Kvismo, Vang i Valdres

**16:00 Heime hjå Hemsing & Hansegård**
Konsert i Ballsalen i Sorenskrivargarden

**18:00 Sal av mat og drikke i Frikar-Smia**
før Draumekonsert kl.19.00

**19:00 Smak med tonar**
Nythun

**19:00 Draumekonsert**
Frikar-Smia, Aurdal

## 11. februar

**11:00 Folkemusikkmesse**
Aurdal kirke, Aurdal

**14:00 Avslutningskonsert**
Aurdal kirke, Aurdal



# FESTIVALPROGRAM

## DAG 1 | *DAY 1*

Torsdag, 8. februar | *Thursday, February 8*

### **Kl. 09.30** Musikkhage | *Music garden*

«Mikkel og bestevenen»

Frikar-Smia i Aurdal

Lukka arrangement / *Not for public, closed event.*

## Om

Barnekonsert «Mikkel og bestevenen» ved felespelar Bente Hemsing og songar Marilyn Almeida. Velkomen til ei musikkoppleving for alle i barnehagen. Bli med inn i ei spennande forteljing om korleis Mikkel leiter etter og finn ein besteven. Mange kjenner til lure Mikkel – men kjenner dei historia om korleis Mikkel rev fann ein besteven? Kor langt han måtte reise, kor høgt og lågt han måtte leite? Og veit de kven Mikkel møtte på vegen? Det gjer nemleg me! Gjennom songar med røter i den norske tradisjonen tek Bente og Marilyn borna med på ei musikalsk oppdagingsferd.

## *About*

*A children's concert "Mikkel and the best friend" by fiddler Bente Hemsing and singer Marilyn Almeida. Welcome to a musical experience for everyone in the kindergarten. Join us in an exciting story about how Mikkel looks for and finds a best friend. Many people know about Mikkel the fox - but do you know the story of how Mikkel found a best friend? How far he had to travel, how high and low he had to search? And do you know who Mikkel met on the road? We do! Through songs with roots in the Norwegian tradition, Bente and Marilyn take the children on a musical journey of discovery.*

# **Kl. 13.00** Meistermøte med Sivert Holmen for FRAMR klassisk og folkemusikk *Master meeting for FRAMR*

Speilsalen i Frikar-Smia

Kr 200
Barn/student: kr 150
Lengde: 1 t.

## **Kl. 16.00** Musikkaperitiff | *Musical aperitif*

Frydenlund Skysstasjon, Aurdal

Kr 350
Barn/student: kr 150
Lengde: 1 t.

### Om konserten

Sal av rakfisklefse frå Noraker Gård og drikkevarer.
Skysstasjonen frå 1801 var ein mykje besøkt turiststad på 1800-talet og har vore både landhandel, postopneri, telegraf, skysstasjon og hotell. Mykje kjentfolk overnatta her, mellom andre Ludvig Mathias Lindeman, Nina og Edvard Grieg, Ivar Aasen, Gerhard Munthe, Bjørnstjerne Bjørnson og ikkje minst Knut Hamsun.
Knut Hamsun budde her i lengre periodar og skreiv mellom anna *Victoria* i Aurdal.
Konsert med Ingeborg Gillebo, Håvard Gimse og Sivert Holmen.

### *About the concert*

*Sale of rakfisklefse (fermented local fish) from Noraker and beverages.*
*The 1801 carriage station was a much-visited station for travelers in the region in the 19th century, and has been both a general store, post office, telegraph, carriage station and hotel. Many famous people stayed here, including Ludvig Mathias Lindeman, Nina and Edvard Grieg, Ivar Aasen, Gerhard Munthe, Bjørnstjerne Bjørnson and the famous writer Knut Hamsun. Knut Hamsun lived here for long periods and wrote his famous book* Victoria *in Aurdal. Concert with Ingeborg Gillebo, Håvard Gimse and Sivert Holmen*

Sjåheimen, springar (trad.)
Siste låtten Krøsshaugen lét, lydarlått etter Lars M. Krøsshaug (1785–1830)
*Sivert Holmen (hardingfele/Hardanger fiddle)*

Grieg: Forårsregn
Ved Rondane
Alnæs: Februarmorgen ved Golfen
Attergløyma
Langs ei Å
*Ingeborg Gillebo (mezzosopran/mezzo-soprano)), Håvard Gimse (klaver/piano)*

Sjugurd, bonde (trad)
*Sivert Holmen (hardingfele/Hardanger fiddle)*

Sibelius: Impromptu Op. 5 nr. 5
Sæverud: Rondo Amoroso
*Håvard Gimse (klaver/piano)*

Lydarlått e. Haldor Røyne
*Sivert Holmen (hardingfele/Hardanger fiddle)*

Tveitt: Langeleiklåt
Grieg: Troldtog
*Håvard Gimse (klaver/piano)*

Halling etter Knut Snortheim
Huldrelått frå Vang, lydarlått etter Lars M. Krøsshaug
*Sivert Holmen (hardingfele/Hardanger fiddle)*

Sibelius: Säv säv susa
Den första kyssen
*Ingeborg Gillebo (mezzosopran/mezzo-soprano)), Håvard Gimse (klaver/piano)*

# **Kl. 18.00** Festopning | *Opening concert*

## Aurdal kirke

Kr 490
Lengde: 1 t. 35 min.
Programleiar / *host*: Liv Bernhoft Osa

## Om konserten

Me ynskjer velkomen til Hemsingfestivalen med fantastiske musikarar i tett samspel. Det blir ei musikalsk reise som startar med folketonar frå Valdres, deretter er me innom skotsk folkemusikk, den store 1700-talskomponisten Haydn, og til slutt kjem Schumanns populære klaverkvintett.

## *About the concert*

*We would like to welcome you to the Hemsing Festival with a festive evening featuring wonderful musicians, fantastic music, and a warm, inviting setting. The musical journey will start with Valdres's own folk tunes, meander through popular Scottish folk music, feature the great 18th century composer Haydn, and finally transport you to Schumann's popular piano quintet.*

## Program

Skotske folketonar ved Brighde Chaimbeul på sekkepipe og Ragnhild Hemsing på hardingfele

Haydn: Strykekvartett i Ess-dur Op. 20 No 1
*Maxwell Quartet*

Tsjajkovskij: Souvenir d´un lieu cher, op 42
*Eldbjørg Hemsing (fiolin/violin), Håvard Gimse (klaver/piano)*

Sibelius: Var det en dröm?
Mahler: Urlicht
*Ingeborg Gillebo (mezzosopran/mezzo-soprano)), Håvard Gimse (klaver/piano)*

Schumann: Klaverkvintett i Ess-dur Op. 44.
*Ragnhild Hemsing, Stephen Waarts, (fiolin/violin), Nils Mönkemeyer (bratsj/viola), Benedict Klöckner (cello), Mario Häring (klaver/piano)*



# DAG 2 | *DAY 2*

## Fredag, 9. februar | *Friday February 9*

## Kl. 09.00 Morgonstemning | *Morning Mood*

### Frukostkonsert på Nythun | Breakfast concert at Nythun

Kr 550
Programleiar / *host*: Tor Espen Aspaas
Minikonsert kl. 09.00 med artistar på festivalen.

### Om konserten

Velkomen til morgonstund med gull i munn. Musikken blir presentert og servert av Ragnhild Hemsing, Benedict Klöckner, Mario Häring og talent frå FRAMR som tek del på festivalen.

### *About*

*Start off your day bright and early with magical music to wake-up by and a scrumptious traditional Norwegian breakfast. Join wonderful musicians Ragnhild Hemsing, Benedict Klöckner, Mario Häring and talented young musicians from the FRAMR program.*

### Program

Grieg: «Nocturne» frå lyriske stykker
*Ragnhild Hemsing, Tor Espen Aspaas*

Innslag ved FRAMR
Brahms: Sonate i F moll, 2. sats
*Andreas Grimstad (bratsj/viola), Mario Häring (klaver/piano)*

Innslag frå Marius Westling (fele) frå FRAMR folkemusikk

Beethoven: Variasjonar for cello og piano
*Benedict Klöckner (cello), Mario Häring (klaver/piano)*

## **Kl. 11.00** Meistermøte klassisk

Open meisterklasse med Nils Mönkemeyer, Maxwell Quartet og Benedict Klöckner for talent i FRAMR klassisk

## *FRAMR ("Forward" program) Masterclass*

*Open master class with Nils Mönkemeyer, Maxwell Quartet and Benedict Klöckner*

«Speilsalen», Frikar-Smia, Aurdal

Kr 200
Barn/student: kr 150
Lengde: 2 t 30 min
Akkompagnement på klaver: Tamar Beraia

### Om

FRAMR for klassisk musikk og folkemusikk er Hemsingfestivalens eige talentprogram. FRAMR rettar seg mot unge talent der dei møter utøvarar frå begge sjangrar og får innsikt i kva rolle folkemusikken har for den klassiske musikken, og omvendt. Hovudelementa er: audition, seminar om og med klassisk musikk og folkemusikk og danserytmar i folkemusikken, opne meisterklassar med instruktør, deltaking som musikarar i utvalde verk på konsertar.

FRAMR er det einaste og første programmet i sitt slag som omfattar talent både innanfor klassisk musikk og folkemusikk. Programmet er eit nasjonalt tilbod der alle kan melde seg på ved ein open audition-runde. Fem unge talent er inviterte til festivalen i 2024, og tilbodet er gratis for deltakarane.

Desse talenta vil du få høyre på meisterklassen:
Kvartett Saphir, Owen Sørbye (cello) og Andreas Grimstad (bratsj)

### *About*

*FRAMR ("Forward") is Hemsing Festival's exciting talent programme. FRAMR is a unique discovery programme for young musicians from both classical and folk music aimed at giving them insight into the role of folk music in classical music and vice versa. The objective is for the young students selected to experience classical music and folk music together as well as how to incorporate dance rhythms in folk music. Participants experience*

*open master classes with instructors, and participate in concerts.*

*FRAMR is the first and only program of its kind that includes talents in both classical music and folk music. Following a national, audition-based selection open to anyone, five young musicians have been invited to the festival in 2024.*

*Students in today's masterclass:*
*Quartet Saphir, Owen Sørbye (cello) and Andreas Grimstad (viola)*

## **Kl. 13.00** Rakfisk, Forte, Fortissimo

Konsert og lunsj I *Concert and lunch*

Noraker Gård, Aurdal

Kr 750
Lengde: 2 t 45 min



## Om

Konserten startar kl. 13.00 og blir følgd av lunsj på Noraker Gård. Både ferskvare og godt laga og lagra står på bordet og programmet. Unge talent og erfarne musikarar bidreg med musikalske godsaker. Etter dette kan ein gi seg hen til dei mange rettane og variantane frå Noraker Gård.

## *About*

*Concert and lunch at Noraker Gård. The freshest ingredients and expert preparation are hallmarks of both food and music at this delectable event. Outstanding young musicians and our world-class performers contribute musical treats. After the concert, you will have the opportunity to experience Noraker Gård's many amazing dishes and offerings.*

## Program

Halvorsen: Norsk dans nr 1
Veslemøys Sang
Norsk dans nr 2

Svendsen: Romanse
*Eldbjørg Hemsing, Håvard Gimse*

Chopin: Fantasie-Impromptu ciss moll op 66
*Håvard Gimse*

Stravinskij/Piatigorsky: frå Suite Italienne
*Owen Sørbye (cello) frå FRAMR, Håvard Gimse (klaver/piano)*

Innslag ved Solveig Eide Grønningsæter frå FRAMR

Innslag ved FRAMR, Solveig Eide Grønningsæter og Marius Westling, i lag med Bjørn Kåre Odde

Schumann: Frauenliebe und Leben
*Ingeborg Gillebo (mezzosopran/mezzo-soprano), Håvard Gimse (klaver/piano)*

# **Kl. 15.00** Meistermøte folkemusikk

Open meisterklasse for talent i FRAMR folkemusikk

*Folk Music Masterclass Open master class for FRAMR folk music talents*

Med læremeister Sivert Holmen og Jo Asgeir Lie

Frikar-Smia, Aurdal

Kr 200
Barn/student: kr 150
Lengde: 1 ½ time

## Om

FRAMR for klassisk musikk og folkemusikk er Hemsingfestivalens eige talentprogram. FRAMR rettar seg mot unge talent frå begge sjangrar og gir dei innsikt i kva rolle folkemusikken har for den klassiske musikken, og omvendt. Hovudelementa er: audition, seminar om og med klassisk musikk og folkemusikk og danserytmar i folkemusikken, opne meisterklassar med instruktør, og deltaking som musikarar i utvalde verk på konsertar.

FRAMR er det einaste og første programmet i sitt slag som omfattar talent både innanfor klassisk musikk og folkemusikk. Programmet er eit nasjonalt tilbod der alle kan melde seg på gjennom ein open audition-runde. Fem unge talent er inviterte til festivalen i 2024, og tilbodet er gratis for deltakarane.
Talent frå FRAMR folkemusikk som opptrer her, er: Solveig Eide Grønningsæter og Marius Westling.

## *About*

*FRAMR ("Forward") is Hemsing Festival's exciting talent programme. FRAMR is a unique discovery programme for young musicians from both classical music and folk music aimed at giving them insight into the role of folk music in classical music and vice versa. The objective is for the young students selected to experience classical music and folk music together as well as how to incorporate dance rhythms in folk music. Participants experience open master classes with instructors, and participate in concerts.*

*FRAMR is the first and only program of its kind that includes talents in both classical music and folk music. Following a national, audition-based selection open to anyone, five young musicians have been invited to the festival in 2024. The young musicians from FRAMR in this masterclass are Solveig Eide Grønningsæter and Marius Westling.*

## **Kl. 16.30** Kurs i valdresspringar ved FRIKAR

*Dance class in Valdresspringar, a traditional dance from Valdres with FRIKAR dance company*

Frikar-Smia, Aurdal

Gratis inngang / Free entrance
Lengde: 50 min
Hardingfele: Sivert Holmen



### Om

Kjenn folketonane gi deg rørsle i heile kroppen – den ultimate festivalopplevinga for deg som vil spele på alle sansane for å oppleve kultur, dans og musikk.

Kle deg i noko laust og ledig, og ta på deg gode dansesko!

### *About*

*Dance the afternoon away as the great Valdres folk tunes sweep you off your feet - the ultimate festival experience for those who want to experience culture, dance and music first-hand.*

*Dress to dance! (loose and casual, with good shoes to dance in).*

## **Kl. 18.00** Kammerkonsert | *Chamber concert*

Aurdal kirke / Aurdal Church

Kr 490
Barn/student: kr 150
Lengde: 1 t 30 min
Programleiar/host: Liv Bernhoft Osa

### Program

Linda Buckley: «Thar Farraige»
*Brighde Chaimbeul, Maxwell Quartet og Linda Buckley*

Duparc: Phidyle
Chanson triste
*Ingeborg Gillebo (mezzosopran/mezzosoprano), Håvard Gimse (klaver/piano)*

Bach: Suite i Ess-dur, Bouree I & II
Owen Sørbye (cello) frå FRAMR klassisk og Silje Wøhni, dansar frå FRIKAR X

Brahms: Sekstett nr. 1, B-dur Op. 18
*Eldbjørg Hemsing (fiolin/violin), Stephen Waarts (fiolin/violin), Nils Mönkemeyer (bratsj/viola), Elliott Perks (bratsj/viola), Benedict Klöckner (cello), Duncan Strachan (cello)*

## **Frå kl. 19.00** Sal av mat og drikke før Konsertkviss kl. 20.00

*Sale of food and drink before the Concert quiz at 20.00*

Frikar-Smia, Aurdal

Varm mat, rakfisklefser frå Noraker Gård og bakevarer frå Bakeriet i Valdres. Drikkevarer mellom anna frå Små Vesen, med og utan alkohol.

*Warm meals, rakfisklefse (fermented local fish) from Noraker Gård and baked goods from Bakeriet in Valdres. Beverages, including from Små Vesen, with or without alcohol.*



## **Kl. 20.00** Konsertkviss | *Concert Quiz*

Frikar-Smia, Aurdal

Kr 350
Barn/student: kr 150
Lengde: 2 ½ time
Programleiarar og kvissleiarar / *hosts and quiz masters:* Bente Hemsing og Tor Espen Aspaas

### Om

Tradisjonen tru avsluttar me fredagskvelden med ein uformell kviss. Konsertkviss er ei gyllen anledning for deg til å bli kjend med musikarane frå ei anna side. Bente Hemsing og Tor Espen Aspaas leiar kvissen, og festivalens artistar opptrer. Innimellom musikkinnslaga blir det varierte spørsmål som publikum kan svare på enkeltvis eller i grupper.

Sal av lokalmat og drikkevarer frå kl. 19.00.
Varm mat, rakfisklefser frå Noraker Gård og bakevarer frå Bakeriet i Valdres. Drikkevarer mellom anna frå Små Vesen, med og utan alkohol.

## About

*True to our long-standing tradition, we end Friday evening with an informal quiz. Concert quiz is a golden opportunity for you to get to know the musicians from another perspective. Bente Hemsing and Tor Espen Aspaas lead the quiz, and the festival's artists perform. In between the music, there will be questions that the audience can answer individually or in groups.*

*Sale of local food and beverages from 7.00 p.m.*
*Warm food, rakfisklefse (fermented local fish) from Noraker Gård and baked goods from Bakeriet in Valdres. Beverages, including from Små Vesen, with and without alcohol.*

## Artistar

Liv Bernhoft Osa *(skodespelar)*

Strykarar/string players
*Benedict Klöckner (cello)*
*Eldbjørg Hemsing (fiolin/violin)*
*Ragnhild Hemsing (fiolin/violin)*

Klaver/piano
*Tamar Beraia*
*Mario Häring*
*Tor Espen Aspaas*

Folkemusikk/jazz
*Jo Asgeir Lie (akkordeon/accordion)*
*Mathias Eick (trompet/trumpet)*
*Steinar Raknes (kontrabass/ double bass)*
*Brighde Chaimbeul (sekkepipe/bagpipe)*
*Bjørn Kåre Odde (bratsj/viola)*
*Sivert Holmen (hardingfele/Hardanger fiddle)*



# **Kl. 20.00** Vinsmaking med Ingvild Tennfjord og konsert med Maxwell-kvartetten

*Wine tasting with sommelier Ingvild Tennfjord and concert with Maxwell Quartet*

Danebu Kongsgaard

*Kr 950*
*Lengde: 2 t*
*Programleiar/host: Ingvild Tennfjord*

## Om

Korleis fange eit sanseinntrykk med ord? Forfattar og vin-anmeldar Ingvild Tennfjord stilte seg det spørsmålet då ho sa opp jobben for å bli «den beste vinjournalisten i verda». Slik det også er med musikk, er opplevinga av vin vanskeleg å setje ord på. Kanskje kan dei to komplettere kvarandre? På denne unike smakinga kan du nyte både musikk og vin, og få ein opplevingsrik kveld der du kanskje også får ei ny forståing av både musikken og vinen. Dette kjem du seint til å gløyme. Passar for både nybyrjarar og vidarekomne. Vi smakar på fire ulike vinar.

Maxwell-kvartetten frå Skottland vil spele klassiske kammerverk og eigenarrangerte skotske folkemusikkslåttar.

## *About*

*How can words best capture our strongest sensory experiences? That was author and wine reviewer Ingvild Tennfjord's question when she left her job to become "the world's best wine journalist". As with music, the experience of wine is difficult to put into words. Perhaps the two can complement each other? At this unique tasting you will examine music and wine together, in an eventful evening where you may also gain a new understanding of both. Suitable for both beginners and advanced "students" of music, and wine.*
*We will taste four different wines.*

## Program

Forventning – den musserande vinen / *Anticipation – The Sparkling Wine*
Niel & Nathaniel Gow, Coilsfield House / Drunk at Night, Dry in the Morning



Klarheit, eigenart – kvitvinen / *Clarity, Distinction – The White Wine*
Haydn, Strykekvartett Op. 77 no. 1 i G-dur, Allegro vivace

Leik og moro – den lyse raudvinen / *Playfulness – The Light Red*
Trad. Scottish Pipe marches: Meg McRae / Father John MacMillan of Barra
Trad. Strathspey & Reel: The Beauty of the North / Miss Dumbreck

Mørke og alvor – den mørke raudvinen / *Darkness, Gravity – The Dark Red*
Haydn, strykekvartett i i f-moll Op. 20 nr 5, Finale: Fuga
Trad. March, Strathspey & Reel: The Burning of the piper's hut / Marquis of Huntly / Miss Gordon of Gight

# DAG 3 | *DAY 3*

## Laurdag, 10. februar | *Saturday, February 10*

### **Kl. 10.00** Guida skitur | *Guided skiing tour*

ca 13 km frå Nythun til «Musikksporet» i Aurdal fjellkirke

*appr. 13 km from Nythun to Aurdal Mountain Church*

Om

Frammøte kl. 10.00. Gratis.
Bakeriet i Valdres står for sal av bakevarer og varm drikke utanfor Aurdal fjellkirke frå kl. 12.00.
Det blir moglegheit for transport attende til Nythun etter konserten «Musikksporet».

NB! Påmelding til skituren og transport attende:
Meld frå til vertskapet på Nythun innan kl. 20.00 fredag 9. februar.

### **Kl. 10.00** Guida skitur | *Guided skiing tour*

ca. 4 km rundt Damtjedn, Aurdalsåsen, før konserten «Musikksporet» i fjellkyrkja

*appr. 4 km around Aurdalsåsen before the concert in Aurdal Mountain Church*

Den guida skituren er i samarbeid med DNT Valdres.
Parkering og frammøte nedanfor Aurdal fjellkirke. Skituren passar for alle aldrar og har slakt terreng.
Lengde: ca. 1 time.
Påmelding til DNT Valdres ved e-post, *bjorn.vegard.johnsen@gmail.com*

*About*

The guided ski tour is in collaboration with DNT Valdres.
Parking and meeting-point below Aurdal mountain church on Aurdalsåsen.
The ski tour is suitable for all ages and is on (mostly) flat terrain
Length: approx. 1 hour.
Registration for DNT Valdres


FISCHER
MADSHUS





## **Kl. 11.00** Konsertforedrag I *Concert lecture*

«Frå wienerklassisismen til familien Wittgenstein på 60 minuttar» med pianist Tor Espen Aspaas I *"From Viennese classicism to the Wittgenstein family in 60 minutes" with pianist Tor Espen Aspaas*

Ballsalen i Sorenskrivargarden, Aurdal

Kr 300
Lengde: 60 min
Foredragshaldar og pianist / Pianist and lecturer: Tor Espen Aspaas

### Om foredraget

250 år med wiensk musikkhistorie frå Haydn til Schönberg, fortald av reiseleiar og pianist Tor Espen Aspaas, med den berømte filosofen og Noregs-vennen Ludwig Wittgenstein som kompasshaldar.

Har du lyst til å få oversikt over eit kvart tusenår med klassisk musikkhistorie på ein liten times tid? Presentert på ein måte du ikkje har opplevd før, med kultur-, idé- og filosofihistorie på kjøpet? Då bør du vere til stades når Tor Espen Aspaas spelar og fortel sagaen om musikkhovudstaden Wien, sett og høyrd gjennom auga og øyra til den berømte Wittgenstein-familien.

Karl Wittgenstein var stålmagnat og ein av Europas rikaste menn. Familien budde i Wiens største private hus, eit palass med sju (!) konsertflygel der alle dei viktigaste kunstnarane i tida vandra heimekjende inn og ut, deriblant komponistane Johannes Brahms, Gustav Mahler og Arnold Schönberg. Ludwig Wittgenstein (1889–1951) vart den mest berømte av sju søsken – som alle var små geni –, og han var kanskje den mest innflytelsesrike filosofen i det 20. hundreåret. Som tenkjar var Ludwig mest oppteken av språk og logikk, men hjartet hans låg meir enn noko musikken nær, særleg Beethovens – ein komponist han heldt fram som eit ideal for seg sjølv! Kommentarar og tankar om kunst, musikk og dei store komponistane finst overalt i dei titusenvis av notat- og dagboksider som Wittgenstein etterlét seg.

Tilfeldigheiter førte Ludwig Wittgenstein til Noreg i åra før 1. verdskrig, og han vart så begeistra for Vestlandet at han bygde seg eit hus i Skjolden, inst i Sognefjorden, der han filosoferte og skreiv ned tankerekker som skulle forandre filosofien radikalt.

Med Ludwig Wittgenstein og familien hans som innfallsvinkel lèt europeisk musikkhistorie seg fortelje på ein annan måte – frå innsida av wienerkulturen og menneska som skapte han. Vi håpar du vil bli med på denne musikalske reisa i tid og rom med Ludwig Wittgenstein som reisefølgje!



## About

*250 years of Viennese music history from Haydn to Schönberg, narrated by tour guide and pianist Tor Espen Aspaas, inspired by the famous philosopher and Norwegian friend Ludwig Wittgenstein as our spiritual guide.*

*Would you like to get an overview of 250 years of classical music history in just under an hour? Presented in a way you've never experienced before, combining a history of culture, ideas and philosophy? Then you should be present when Tor Espen Aspaas plays and tells the saga of Vienna, Europe's music capital, as seen and heard through the eyes and ears of the famous Wittgenstein family.*

*Karl Wittgenstein was a steel magnate and one of Europe's richest men. The family lived in Vienna's largest private house, a palace with seven (!) concert grand pianos where all the most important artists of the time wandered in, including the composers Johannes Brahms, Gustav Mahler and Arnold Schönberg. Ludwig Wittgenstein (1889–1951) was the most famous of seven gifted siblings and he was perhaps the most influential philosopher of the 20th century. As a thinker, Ludwig was mostly preoccupied with language and logic, but his heart was more than anything close to music, especially Beethoven's – a composer he held up as an ideal for himself! Comments and thoughts about art, music and the great composers can be found everywhere in the tens of thousands of notebook and diary pages that Wittgenstein left behind.*

*Coincidence led Ludwig Wittgenstein to Norway in the years before the First World War, and he became so enthusiastic about Western Norway that he built himself a house in Skjolden, deep in the Sognefjord, where he was inspired to create famous writings that would radically change philosophy.*

*With Ludwig Wittgenstein and his family as backdrop, European music history can be told in a unique way - from the inside of Viennese culture and the people who shaped it. We hope you will join us on this musical journey through time and space with Ludwig Wittgenstein as your companion!*





# Eventyrdag | *Adventure day*

## **Kl. 12.00–15.00**

Frikar-Smia, Aurdal. Familiearrangement

Fri inngang | *Free entrance*

Om

Hemsingfestivalen ynskjer å formidle musikkopplevingar også for dei yngste, og igjen inviterer me til ein eventyrdag for heile familien ved Frikar-Smia i Aurdal! Det blir uteaktivitetar i samarbeid med Aurdal IF og Barnas Turlag, og ei eventyrstund inne i Smia med skodespelar Liv Bernhoft Osa, Veslefrikk, Valdresstrykerne og artistar frå festivalen.

## Program

### Del 1

**Kl. 12.00** startar me familiedagen med ei «Eventyrstund» i Frikar-Smia med skodespelar Liv Bernhoft Osa, Veslefrikk, Valdresstrykerne og artistar frå festivalen. Det blir ein konsert med eventyrforteljing til.

### Del 2

**Kl. 13.00** fortset familiedagen ute ved Frikar-Smia, med ei løype med forskjellige aktivitetar for barn og vaksne ute, som aking, gjettekonkurranse, kasting på blink, kviss m.m. Til slutt i løypa ventar ein premie. Det er valfritt kva for aktivitet ein er med på. Me stiller med varm bålpanne.
Arrangementet er i samarbeid med Barnas Turlag og Aurdal IF.

## *About*

*Hemsingfestivalen for the youngest too! We invite you to an adventure day for the whole family at Frikar-Smia in Aurdal! There will be myriad outdoor activities organized with the Aurdal sports club and Barnas Turlag (children's club); inside Smia, join actress Liv Bernhoft Osa for storytelling-time, and Valdresstrykerne (Valdres chamber orchestra) and artists from the festival for an afternoon of music.*

## *Program*

### *Part 1*

***At 12.00****, the family day starts with a "fairytale hour" at Frikar-Smia with music and storytelling by actress Liv Bernhoft Osa, Valdresstrykerne, Landstrykerne and artists from the festival.*

### *Part 2*

***At 13.00*** *we invite everyone outside for a trail of activities for children and adults, (e.g., sledding, games, and quizzes) leading to a prize at the end!It is optional what kind of activity you take part in.*
*We provide a hot fire pan.*

